



NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dato: 15.05.2017
Vår ref.: 2017/1331-6
Saksbehandlar: jannor
Dykkar ref.: «REF»

Søknad om løyve til å føra over to bekker til Blåfalli III i Blådalsvassdraget i Kvinnherad kommune. Melding om vedtak.

Vi syner til brev frå NVE dagsett 10.02.17 der Hordaland fylkeskommune med høyringsfrist 15.05.17 vert beden om å gje fråsegn til søknad om løyve for å føra over to bekker i Blåfalli III i Blådalsvassdraget i Kvinnherad kommune.

Fylkesutvalet handsama i møte 03.05.17 sak 115/17 og gjorde vedtak som går fram av dokumenta under.

Sølve Dag Sundbø
klima- og naturressurssjef

Jan Nordø
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Fylkesmannen i Hordaland

Arkivnr: 2017/1331-3
 Saksbehandlar: Jan Nordø og Lars Øyvind Birkenes

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	62/17	26.04.2017
Fylkesutvalet	115/17	03.05.2017

Søknad om løyve til å føra over to bekker til Blåfalli III i Blådalsvassdraget i Kvinnherad kommune. Høyringsfråsegn.

Samandrag

Utbygging etter planane det er søkt om, vil gje ein årleg regulerbar kraftproduksjonsgevinst på 4,8 GWh for begge tiltaka, 2,5 GWh for Grøningsbekken 2 og 2,3 GWh for Bekk Urdabotn. Utbyggingsprisen er estimert til 2,50 kr/kWh totalt.

Om regulerbar kraftproduksjon seier Klimaplan for Hordaland 2014-2030 følgjande (Strategi for energi B6): *Prioritera fornybar energiproduksjon kor lagring av energien er mogleg utan tap av naturmangfald.*

Utbyggingsområdet er i Fylkesdelplan for små vasskraftverk verdsett til «sårbart høgfjell» av «stor verdi». Dei fysiske inngrepa i dagen er små. Det største inngrepet er fråføring av vatn. Begge bekkane har innslag av mindre fossefall og stryk som ved høg vassføring set sitt preg på landskapet. Størst påverknad er venta for Grøningsbekken 2 med sterkt redusert vassføring 800 meter frå inntaket og ned til møtet med Blåelva.

Sidan utbyggingane skjer med sjaktboring og veglaust, vurderer fylkesrådmannen det slik at tiltaka på visse vilkår ikkje er i strid med føringane i småkraftplanen om å vera restriktiv i sårbart høgfjell. Av omsyn til det eksponerte landskapet ned mot Blåelva vil fylkesrådmannen for Grøningsbekken 2 rå til å auka minstevassføringa til minst det doble i sommarhalvåret. For Bekk Urdabotn vil fylkesrådmannen rå til det same.

I Område for friluftsliv er utbyggingsområdet registrert som «svært viktig» regionalt friluftsområde. Om slike område seier småkraftplanen at «ein bør visa varsemd ved utforming av vasskraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserer opplevingskvalitetane». Det går ingen merke turstiar gjennom tiltaks- og influensområdet, men både Urdabotn og Grønningen er eigna område som innfallsportar til fjellområda bak og over mot Vardafjell og dei merke stiane i Aursdalen lenger nord. Grøningsbekken 2 er dessutan godt synleg frå vegen som leiar opp mot reiselivsattraksjonar på Folgefonna.

Sidan tiltaka vert gjennomførte med vasstunnelar og utan vegbygging, meiner likevel fylkesrådmannen at inngrepa ikkje reduserer opplevingskvalitetane i området vesentleg. Vilkår er auka minstevassføring i Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn slik det er grunngeve under tema landskap over. Ved å setja slike vilkår vil ein dessutan bøta på potensielle skadar på fossefall og brunaure i Grønningen, ta omsyn til stølsområda i Grønningen og Urdabotn og landskapsmessing redusera den samla belastninga på Blådalsvassdraget, som i dag er stor. For fossefall må det dessutan vurderast å setja opp reirkasser.

Med avbøtande tiltak og naudsynte tilpassingar er prosjekta etter fylkesrådmannen si vurdering i samsvar med Klimaplan for Hordaland sitt mål om å auka produksjonen av fornybar energi med minst mogleg arealkonfliktar, utan tap av naturmangfald, samt strategi om å prioritera lagring av energien. Prosjekta vil

då også vera i samsvar med Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland sine retningslinjer for energiproduksjon, miljø og verdiskaping.

Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune rår til overføring av Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn til Blåfalli III i Blådalsvassdraget i Kvinnherad kommune.

Av omsyn til landskap av stor verdi, fossefall og brunaure, regionalt friluftsområde av stor verdi, gamle stølsområde og stor samla belastning på Blådalsvassdraget, rår Hordaland fylkeskommune til å auka minstevassføringa i Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn til minst det doble i sommarhalvåret. For fossefall må eigne reirkasser setjast opp der trygge reirplassar forsvinn.

Med slike avbøtande tiltak er prosjekta etter fylkesrådmannen si vurdering i samsvar med Klimaplan for Hordaland sitt mål om å auka produksjonen av fornybar energi med minst mogleg arealkonfliktar, utan tap av naturmangfald, samt strategi om å prioritera lagring av energien. Prosjekta vil då også vera i samsvar med Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland sine retningslinjer for energiproduksjon, miljø og verdiskaping.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 26.04.2017

Sigbjørn Framnes (Frp) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er varamedlem i styret for Sunnhordland kraftlag. Han har ikkje møtt i styret. I førre periode var han styremedlem i selskapet. Framnes gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok samrøystes at han ikkje var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd.

Sigbjørn Framnes tiltredde saksbehandlinga.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Hordaland fylkeskommune rår til overføring av Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn til Blåfalli III i Blådalsvassdraget i Kvinnherad kommune.

Av omsyn til landskap av stor verdi, fossefall og brunaure, regionalt friluftsområde av stor verdi, gamle stølsområde og stor samla belastning på Blådalsvassdraget, rår Hordaland fylkeskommune til å auka minstevassføringa i Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn til minst det doble i sommarhalvåret. For fossefall må eigne reirkasser setjast opp der trygge reirplassar forsvinn.

Med slike avbøtande tiltak er prosjekta etter fylkesrådmannen si vurdering i samsvar med Klimaplan for Hordaland sitt mål om å auka produksjonen av fornybar energi med minst mogleg arealkonfliktar, utan tap av naturmangfald, samt strategi om å prioritera lagring av energien. Prosjekta vil då også vera i samsvar med Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland sine retningslinjer for energiproduksjon, miljø og verdiskaping.

Saksprotokoll i fylkesutvalet – 04.05.2017

Benthe Bondhus (Sp) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Sunnhordland kraftlag. Bondhus gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Benthe Bondhus var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd.

Benthe Bondhus gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Av omsyn til landskapskvaliteter og mangfold frårår Hordaland fylkeskommune overføring av Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn til Blåfalli III i Blådalsvassdraget i Kvinnherad kommune.»

Røysting

Tomren sitt forslag fekk 2 røyster (MDG, SV) og fall.

Innstillinga, første avsnitt vart vedteken mot 2 røyster (MDG, SV).

Innstillinga, andre avsnitt vart samrøystes vedteken.

Innstillinga, tredje avsnitt vart vedteken mot 2 røyster (MDG, SV).

Vedtak

Hordaland fylkeskommune rår til overføring av Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn til Blåfalli III i Blådalsvassdraget i Kvinnherad kommune.

Av omsyn til landskap av stor verdi, fossefall og brunaure, regionalt friluftsområde av stor verdi, gamle stølsområde og stor samla belastning på Blådalsvassdraget, rår Hordaland fylkeskommune til å auka minstevassføringa i Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn til minst det doble i sommarhalvåret. For fossefall må eigne reirkasser setjast opp der trygge reirplassar forsvinn.

Med slike avbøtande tiltak er prosjekta etter fylkesrådmannen si vurdering i samsvar med Klimaplan for Hordaland sitt mål om å auka produksjonen av fornybar energi med minst mogleg arealkonfliktar, utan tap av naturmangfald, samt strategi om å prioritera lagring av energien. Prosjekta vil då også vera i samsvar med Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland sine retningslinjer for energiproduksjon, miljø og verdiskaping.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 22.03.2017

1. Innleiing

Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) søker om å ta inn Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn til eksisterende kraftverk for å optimalisera samt auka produksjonen ved Blåfalli III kraftverk. Prosjektet inngår i «Generalplan for Blådalsvassdraget» som selskapet utarbeidde i 1998.

NVE har gjeve høyringsfrist til 15.05.2017.

2. Søknaden

2.1. Områdeomtale

Det planlagde tiltaket ligg i Blådalsvassdraget i Kvinnherad og Etne kommunar. Sjølve tiltaka ligg i Kvinnherad kommune, sjå fig. 1 under.




Fig. 1 Geografisk plassering av tiltaka inkl. eksisterande vasskraftaktivitet kring Blådalsvassdraget og tilstøytande område. Tiltaka er markert med raud ring.

2.2. Prosjektskildring

Det vert søkt om å overføra Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn til vass tunnelen i Blåfalli III. Inntak Grøningsbekken 2 er planlagd på kote 730, medan inntak Bekk Urdabotn er planlagd på kote 720. Bekkeinntaka er planlagd etablert veglaust og med sjaktboring. For kvart inntak blir det etablert ein mindre platedam i bekkeløpa.

Tiltaket vil føra til ekstra vatn frå eit samla nedbørsfelt på 1,5 km², som kan nyttast i Blåfalli III kraftverk. Tiltaka vil gje ein årleg samla gevinst på 4,8 GWh med regulerbar kraft. Det er forslag om slepp av

minstevassføring 10 l/s i begge bekkane heile året.

Utbyggingspris for begge bekkane samla er sett til 2,50 kr/kWh, noko som må reknast som lågt.




Fig. 2 Planlagt utbygging med inntak i Bekk Urdabotn og i Grøningsbekken 2, høvesvis på kote 720 og 730.

3. Verknad for natur og samfunn

3.1. Landskap

Dei fysiske inngrepa i dagen er små, og det største inngrepet er fråføring av vatn. Begge bekkane har innslag av mindre fossefall og stryk som ved høg vassføring set sitt preg på landskapskarakteren lokalt. Under meir vanlege tilhøve, er bekkane lite synlege i landskapet. Størst påverknad er venta for Grøningsbekken 2 som har eit lite restfelt nedstraums inntaket utan større sidebekkar. Der vil tiltaket redusere vassføringa sterkt nedstraums bekeinntaket, like til samløp med Blæelva. Inntaket i Bekk Urdabotn ligg like ovanfor Urdabotnvatn som har ein utjamnande effekt på vassføringa vidare. Vassføringa vert difor sterkt redusert over berre ei kort strekning (om lag 150 m) oppstraums Urdabotnvatn, medan vassføringa nedstraums vatnet langt på veg opprettheld sin naturlege dynamikk. Sjølve vatnet og bekkefeltet nedstraums får tilført vatn frå fleire sidebekkar. Det er forslag om slepp av minstevassføring 10 l/s i begge bekkane heile året.

Inntak Grøningsbekken 2 fører ikkje til bortfall av inngrepsfri natur (INON). Etablering av inntak i bekk oppstraums Urdabotnvatn fører til bortfall av om lag 0,9 km² inngrepsfri natur, sone 2 (1-3 km frå eksisterande inngrep).

Konsekvensen for landskap vert av søkjar vurdert til *liten til middels negativ*.



Fig. 3 Sidefeltet Grøningen 2 går gjennom to mindre daltrekk ovanfor eit mindre fosseparti nede ved elvesletta Grøningen. Skoggrensa i området går på om lag 600 moh.. Eldre massedeponi oppe til høgre i biletet. Biletet er teke frå anleggsvegen opp gjennom Blådalen mot Folgefonna.



Fig. 4 Innløpselven NØ i Urdabotnsvatnet (Bekk Urdabotn), her sett mot sør og mot Urdabotnsvatnet. Planlagd inntak er øvst i elveavsnittet, lokalisert ved liten snøflekk.

3.2. Biologisk mangfald

Den biologiske kartlegginga og vurderinga er gjort av NNI.

Naturlandskapet i delfelta er prega av fjellbjørkeskog opp til om lag 600 moh, over dette dominerer lågalpine heier. Naturtypene i begge nedbørsfeltene er regiontypiske, og tilhørende flora er samansett av vanlege artar. Artsmangfaldet av kryptogamar (mosar og lav) og karplanter i og langs bekkene synes å vera middels høgt.

Det vart ikkje gjort funn av raudlista fugl, karplantar, mosar og lav i tiltaks- og influensområdet under synfaringane. Jamført Artsdatabanken-Artskart og Naturbase føreligg det registreringar av nokre raudlista fugleartar i Blådalsvassdraget. Frå tidlegare er lirype, gauk, bergirisk og gulsporv påvist sentralt i Blådalen, nær influensområda. Artane er terrestrer utan spesiell tilknytning til akvatiske ressursar. Naturtypen «elveløp» er nasjonalt raudlista i kategori NT «nær truga» (Artsdatabanken 2011). Utover dette er det ikkje registrert andre viktige naturtypar i tiltaks- og influensområdet.

På strekninga mellom midtpartiet og inntaket i Grøningsbekken 2, der bekkene slepp seg utfor i eit noko brattare terreng, blei to fossefall observert. Ein jaktande tårnfalk vart registrert i lufta over inntaksområdet.

Samla verdi for naturmangfaldet i råka vassdragsavsnitt og aktuelle influensområde er vurdert til nivået liten til middels verdi for Grøningsbekken 2, og middels til liten verdi for Bekk Urdabotn. Konsekvensane av dei planlagde tiltaka er vurdert til *lite til middels negativt* for begge bekkfeltene.

3.3. Fisk

Førekomsten av aure er låg i Urdabotn (vatn og elver). Grøningsbekken 2 har ikkje funksjon for fisk, bortsett frå ein marginal funksjon som beiteområde i dei nedre 100 m mot Blåelva.

Konsekvensen for akvatisk miljø vert av konsulent/søkjjar vurdert til *liten til middels negativ*.

3.4. Kulturminne

Det ligg iflg. søkjjar ikkje føre opplysningar om freda kulturminne eller kulturmiljø i tiltaks- eller influensområdet.

Konsekvensen ver vurdert til *ubetydeleg til liten negativ*.

3.5. Samfunns- og brukarinteresser

Utbygging av Blådalsvassdraget, med etablering av anleggsvegar her, har gjort dalføret lettare tilgjengeleg. Området byr på ei rekkje muligheiter for dei som er interessert i å praktisera tradisjonelt friluftsliv, både i form av skigåing/turgåing, haustingsaktivitetar (bærplukking, jakt og fiske) og generell rekreasjon. Viktige område er mellom anna turløypa frå Blåfalli IV kraftverk til Svelgabreen, Vetthusvatna og Brandvikvatn. Særleg dei øvre delane av vassdraget er vurdert til å ha stor friluftslivsverdi lokalt, middels regionalt og liten nasjonalt.

To reiselivsbedrifter, Folgefonni Breførarlag og Wilderness Norway, nyttar anleggsvegen innover Blådalsvassdraget i samheng med organiserte turar til Møsevassbreen og kajakkurar på Møsevatn. Fjellhaugen Skisenter ligg rett sør for Fjellhaugvatn og tilbyr skitrekke og preparerte løyper. Det er ikkje etablert overnattingstilbod eller liknande fasilitetar innanfor eller i nærleiken til planområdet, men det hender at tilreisande slår opp telt, m.a. ved Vetthus, Brandvikvatnet eller ved Grøningen. Folk flest vil reagere negativt på inngrep dersom desse vert synlege i terrenget. Arealinngrepa er etter søkjjar si vurdering små i dette høvet, og bekkestrekningane som vert omfatta av tiltaket står ikkje fram som dominerande landskapselement.

Samla sett er tiltaks- og influensområdet av søkjjar vurdert til middels verdi med omsyn til friluftsliv. Sjølve omfanget av tiltaket er vurdert til lite til middels negativt for friluftsliv, der endring i vassføring for Grøningsbekken 2 tel mest. Avbøtande tiltak, slepp av minstevassføring, veg ikkje opp for bortfall av stadvis fossevassføring som ein opplever i nedbørrike periodar i dag. Konsekvensen med omsyn til friluftsliv er sett til *liten til middels negativ*.

Tiltaka vert vurdert til å ha ubetydelig til *liten negativ konsekvens* for reiselivsnæringa, isolert sett.

Det blir ikkje drive jordbruk i tiltaksområdet, og arealet er fritt for skogressursar. Begge sider av dalføret er årleg i bruk som sommarbeite for sau. Tiltaksområdet ligg på vestsida av Blåelva, der Kvinnherad kommune er grunneigar. Bjørnebøle beitelag disponerer beiterettane i dette området, og slepp årleg om lag 1 200 sau på beite. Beiteområdet utgjer ein ressurs og er viktig for landbruket i Kvinnherad. Blåelva er regulert, og redusert vassføring i elva saman med stadvis vekslande og bratt topografi, har redusert vassdraget sin funksjon som naturleg gjerde for beitedyra. Terrenget er bratt og fleire stader ulendt, og sidebekkane har heller inga permanent gjerdeeffekt.

Samla sett vert tiltaks- og influensområdet av søkjjar vurdert til liten lokal verdi med omsyn til tradisjonelt jord- og skogbruk. Tekniske inntaksløysingar vert fysisk sett små, og omfanget av tiltaket vert vurdert til lite negativt. Tiltaket medfører elles redusert vassføring nedstrøms bekkeinntaka, med berre *liten negativ konsekvens* for tema knytt til tradisjonelt landbruk.

Inntak av dei to bekkane vil medverka til auka produksjon av fornybar kraft i Blåfalli III kraftverk med 4,8 GWh. Vassvolumet vert nytta i dag, men frå ei lågare høgde. Sjølve utbygginga er lita og vil berre i avgrensa grad positivt påverka næringsliv og sysselsetjing lokalt i anleggsfasen.

Det er ikkje naudsynt med linjeutbygging i samband med tiltaket.

3.6. Samla belastning

Landskapsrommet i Blådalen er markant avgrensa av fjella/topografien i dalføret. Legg vi NVE Atlas til grunn, kjem det fram ei oversikt over eksisterande og kraftverksaktivitet søkt om i dette aktuelle området (sjå fig. 1). Blådalsvassdraget er omfattande regulert, bygd ut gjennom snart 70 år, og omfattar i dag 6 kraftverk og 8 reguleringsmagasin av ulike størrelser. I tillegg til tillaupstunellar og overføringar innanfor vassdraget, vert det også overført vatn frå nabovassdrag. Alle kraftverka og dammane kan ein nå på køyreveg, og det er overføringsliner på fleire spenningsnivå i området. Utbygginga av vassdraget har auka tilkomsten til området, men pregar sjølvsagt landskapet her. Det er inga typisk småkraftaktivitet i Blådalsvassdraget. Slik aktivitet finn ein derimot meir av i det kringliggjande fjordlandskapet i regionen elles.

Det fjordnære landskapet er bratt og utbyggingar her råkar oftast vassføringa og det visuelle landskapselementet som vasstrengen representerer. Bekkane det er søkt om, er etter søkjar si vurdering små og lite eksponerte. Sjølve tiltaka er i dette høve mindre omfattande og framkjem i sum, som lite belastande med omsyn til samla verknad, konkluderer tiltakshavar.

4. Fylkesrådmannen si vurdering

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som sektorstyresmakt for kulturminne. I vurdering av prosjektet i høve til regionale omsyn har vi nytta Klimaplan for Hordaland 2014-2030, Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021, Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke¹ og Område for friluftsliv².

Klimaplan for Hordaland slår fast følgjande overordna mål og strategi for energiproduksjonen:

Mål for energi: *Energibruken i Hordaland skal effektiviserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Det vil seia ein årleg reduksjon på 2,2 % fram til 2020, og deretter ein årleg reduksjon på 1,3 % fram til 2030. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.*

¹ Aurland naturverkstad, 2011. På oppdrag frå Hordaland fylkeskommune.

² Kartlegging og verdisetting av regionalt viktige område for friluftsliv i Hordaland. Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland, 2008.

Strategi B: Vera ein føregangsregion i produksjon og lagring av fornybar energi

4. Energiproduksjonen må skje med minst mogleg arealkonfliktar, og med omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar. Jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.

Konsesjonsområdet høyrer i Fylkesdelplan for små vasskraftverk inn under Matre-Åkrafjorden delområde med følgjande omtale:

Matre-Åkrafjorden delområde har stort potensial for småkraft. På nordsida av Åkrafjorden er det fleire område med urørt preg. Utbygging i desse områda kan føra til redusert omfang av inngrepsfri natur som går frå fjord til fjell i fylket. Utbygging på sørsida av Åkrafjorden kan føra til reduksjon i omfang av villmarksområde i Etnefjella. Området har fleire potensielt verdifulle bekkeløfter som må undersøkjast nærare ved nye utbyggingsplanar.

4.1. Landskap

I Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke vert tiltaks- og influensområdet klassifisert som del av landskapstypen «storkupert hei» i overgangen til «låg fjellsdalar under tregrensa», begge av «middels verdi».

I Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland er tiltaks- og influensområdet til begge tiltaka klassifisert som «sårbart høgfjellsområde» av «stor verdi», men den nedre delen der bekkane renn ut i Blåelva og Jamtelandsvatn, er utan verdisetjing.

For sårbart høgfjellsområde av stor verdi legg retningslinene i småkraftplanen slike føringar (R4.1):

I sårbart høgfjell av stor verdi skal ein vera restriktiv med vasskraftanlegg som fører til varige sår i naturen. Avbøtande tiltak: Tunneldrift og veglaus utbygging kan redusera konfliktgraden.




Fig. 5 Vassføring i Grønningsbekken 2 – før og etter utbygging, vått år 1992. Tiltaket vil redusera vassføringa sterkt nedstraums bekkeinntaket, 800 m like til samløp med Blåelva. Det er forslag om slepp av minstevassføring på 10 l/s heile året. Middelvassføringa er i dag 113 l/s.

Dei fysiske inngrepa i dagen er små, og det største inngrepet er fråføring av vatn. Begge bekkane har innslag av mindre fossefall og stryk som ved høg vassføring set sitt preg på landskapskarakteren lokalt. Under meir vanlege tilhøve, er bekkane lite synlege i landskapet. Størst påverknad er venta for Grønningsbekken 2 som har eit lite restfelt nedstraums inntaket utan større sidebekkar. Der vil tiltaket redusera vassføringa sterkt nedstraums bekkeinntaket, 800 m like til samløp med Blåelva. Inntaket i Bekk Urdabotn ligg like ovanfor Urdabotnvatn som har ein utjamnande effekt på vassføringa vidare. Vassføringa vert difor sterkt redusert over berre ei kort strekning (om lag 150 m) oppstraums Urdabotnvatn, medan vassføringa nedstraums vatnet langt på veg opprettheld sin naturlege dynamikk. Sjølv vatnet og bekkefeltet nedstraums får tilført vatn frå fleire sidebekkar. Det er forslag om slepp av minstevassføring 10 l/s i begge bekkane heile året.

Inntak Grønningsbekken 2 fører ikkje til bortfall av inngrepsfri natur (INON). Etablering av inntak i bekk oppstraums Urdabotnvatn fører til bortfall av om lag 0,9 km² inngrepsfri natur, sone 2 (1-3 km frå eksisterande inngrep).

Sidan utbyggingane skjer med sjaktboring og veglaust, vurderer fylkesrådmannen det slik at tiltaka på vilkår er innanfor ramma av R4.1 (sjå over). Av omsyn til det eksponerte landskapet ned mot Blåelva, der Grøningsbekken 2 går i godt synlege stryk og fossefall 800 m ned mot vegen gjennom Blådalen, vil fylkesrådmannen for Grøningsbekken 2 rå til å auka minstevassføringa til minst det doble i sommarhalvåret. For Bekk Urdabotn vil fylkesrådmannen rå til det same. 10 l/s slikt det er gjort framlegg om, er lågt i høve til dagens middelvassføring på 113 l/s i Grøningsbekken og 104 l/s i Bekk Urdabotn.

4.2. Biologiske mangfald

Iflg. den biologiske rapporten er det ikkje registrert raudlista artar, men fossefall i tiltaks- og influensområdet. Registreringa er gjort i Grøningsbekken 2. Korkje i småkraftplanen sitt verdikart for biologisk mangfald eller Artsdatabasen er det registrert spesielle sårbare artar eller naturtypar i tiltaks- og influensområdet til Bekk Urdabotnvatn, men på Grønningen der Grøningsbekken 2 renn ut i Blåelva, er det gjort registrering av gulspurv (nær trua). I tillegg er naturtypen «elveløp» nær trua.

R5.3 i Fylkesdelplan for små vasskraftverk seier at «for elver som fungerer som hekkeområde for vintererle eller fossefall må det setjast krav om naudsynt minstevassføring». I den samanhengen vil fylkesrådmannen som for temaet landskap, i sommarhalvåret rå til minst å dubla minstevassføringa i Grøningsbekken 2. Ei slik vassføring vil òg kunne ha positive konsekvensar for gulspurv og naturtypen elveløp. Dersom trygge reirplassar for fossefall forsvinn, vil oppsetting av eigne reirkasser vera eit avbøtande tiltak, jfr. R5.3 i småkraftplanen.

4.3. Fisk

Som den biologiske rapporten peiker på, er førekomsten av aure låg i Urdabotn (vatn og elver), men sannsynlegvis av god kvalitet i Urdabotnvatn. Grøningsbekken 2 har ikkje funksjon for fisk, bortsett frå ein marginal funksjon som beiteområde i dei nedre 100 m mot Blåelva. I den samanhengen vil krav om høgare vassføring i sommarsesongen vera ein føremon.

I Urdabotn vil restvassføringa vera så stor at det sannsynlegvis vil ha små negative konsekvensar for aurebestanden der, men låg minstevassføring i Bekk Urdabotn dei siste 50-70 metrane inn mot Urdabotnvatn kan få negative konsekvensar for gytesubstrat. Om tiltak i slike område seier småkraftplanen (R6.4):

Gyteområde for innlandsfisk må ikkje reduserast i eit slikt omfang at det er til tru for bestanden eller gjev vesentleg innverknad for fiske.

Då det finst alternative gyteområde i Urdabotnvatn i bekk lenger sørvest, har fylkesrådmannen grunn til å tru at tiltaket i Urdabotn ikkje er til stor tru for bestanden. Det vert likevel tilrådd å auka minstevassføringa i tiltaket til minst det doble.

4.4. Kulturminne

I konsesjonssøknaden er kulturminne og kulturmiljø gitt ei god utgreiing i kap. 3.10, s. 43-46. Kulturminneverdiane for dei to tiltaka er her vurdert som liten til middels negativ samla sett, men med større konsekvens for Grøningsbekken 2 (liten til middels negativ) enn for Urdabotnbekken (ubetydeleg).

Stølen Grønningen (Grydningsdal) ligg på nordsida av Blåelva. På stølsområdet er det registrert restar av fire bygningar. Den omsøkte bekken går i ein boge frå nord for tuftene og renn ut i Blåelva om lag 60 meter sør for desse. På sørsida av Blåelva går det i dag anleggsveg over Grøningsdalsøyri, og det er i dag ei hengebru over elva om lag 75-80 sørvest for stølsruinane. Kor langt attende i tid stølsdrifta skriv seg kan

ein ikkje seia med sikkerheit. I større samanheng må ein også sjå stølsdrifta på Grønningen i samband med stølsområdet Øvre Grønningen som ligg vel ein kilometer lengre oppe i dalen mot nordnordvest.

Sjølv om det i tørre periodar kan vere svært låg vassføring i bekken/elva, så er den omsøkte minstevassføringa på 10 l/s året rundt alt for knapp i høve til kulturlandskapet som bekken/elva er ein del av. Tørre periodar er svært variable og langt meir sjeldsynte enn det normale. Som avbøtande tiltak i høve til stølsområdet som kulturlandskap, bør minstevassføringa i deler av sommarhalvåret (mai/juni-september) meir enn doblast.

Stølsområdet på Vierstøl sør for Urdabotnvatn med tre stølstuffer vil som heilskapleg kulturlandskap i mindre grad bli påverka av mindre vassføring. Likevel er den omsøkte minstevassføringa på 10 l/s året rundt også her å sjå som svært knapp. Det bør vurderast ei høgare minstevassføring også her.

4.5. Friluftsliv

I Område for friluftsliv er tiltaks- og influensområdet til begge tiltaka registrert som «svært viktig» regionalt friluftsområde. Om temaet friluftsliv seier småkraftplanen (R6.1):

Ein bør visa varsemd ved utforming av vasskraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserer opplevingskvalitetane i friluftsområde av stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkja å gjera tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.

Det går ingen merke turstiar gjennom tiltaks- og influensområdet, men både Urdabotn og Grønningen er godt eigna område som innfallsportar til fjellområda bak og over mot Vardafjell og dei merke stiane i Aursdalen lenger nord. Opp gjennom Urdabotn, langs vestida av Urdabotnvatnet og over mot Grønningen har det dessutan vore stølsveg som det er restar etter.

Sidan tiltaka vert gjennomførte med vasstunnelar og utan vegbygging, meiner fylkesrådmannen at inngrepa ikkje reduserer opplevingskvalitetane i området vesentleg. Vilkår er å minst doble minstevassføringa i Grøningsbekken 2 og i Bekk Urdabotn.

4.6. Samla belastning

Landskapsrommet i Blådalen er markant avgrensa av fjella/topografien i dalføret. Blådalsvassdraget er omfattande regulert, bygd ut gjennom snart 70 år, og inkluderer i dag 6 kraftverk og 8 reguleringsmagasin av ulike størrelsar. I tillegg til tillaupstunnelar og overføringar innanfor vassdraget, vert det også overført vatn frå nabovassdrag. Alle kraftverka og dammane kan ein nå på køyreveg, og det er overføringsliner på fleire spenningsnivå i området.

Tiltaks- og influensområdet til dei to prosjekta det er søkt om, er i motsetnad til sjølve Blådalen utan inngrep. Urdabotn ligg skjerma nord for Blådalen og utgjer eit eige urørt landskapsrom innover og oppover mot Vardafjell og over mot Aursdalen i nord. Tiltaket her vil føra til eit bortfall av 0,9 km² inngrepsfri natur (sone 2). Grøningsbekken 2 ligg meir ope eksponert mot Blådalen, men utgjer del av det same landskapet.

Det er fylkesrådmannen si vurdering at denne delen av Blådalsvassdraget nordover mot Aursdalen med dei omfattande inngrepa som elles er gjort i vassdraget, i størst mogleg grad bør skjermast for nye inngrep. I den samanhengen er fylkesrådmannen i tvil om det bør gjevast løyve til tiltaka det er søkt om. Med dei avbøtande tiltaka det er gjort framlegg om frå søkjar pluss dei som er tilrådde frå fylkesrådmannen, meiner likevel fylkesrådmannen prosjekta er i tråd med retningslinene i småkraftplanen, ikkje minst fordi det her er snakk om regulerbar kraftforsyning.

5. Oppsummering og fylkesmannen si tilråding

Utbygging etter planane det er søkt om, vil gje ein årleg regulerbar kraftproduksjonsgevinst på 4,8 GWh for begge tiltaka, 2,5 GWh for Grøningsbekken 2 og 2,3 GWh for Bekk Urdabotn. Utbyggingsprisen er estimert til 2,50 kr/kWh totalt.

Om regulerbar kraftproduksjon seier Klimaplan for Hordaland 2014-2030 følgjande (Strategi for energi B6): *Prioritera fornybar energiproduksjon kor lagring av energien er mogleg utan tap av naturmangfald.*

Konsekvensane for ålmenne interesser elles er først og fremst knytte til landskap og friluftsliv og til dels biologisk mangfald, fisk og kulturminne.

I Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland er tiltaks- og influensområda klassifiserte som «sårbar høgfjellsområde» av «stor verdi» med slike føringar (R4.1):

I sårbart høgfjell av stor verdi skal ein vera restriktiv med vasskraftanlegg som fører til varige sår i naturen. Avbøtande tiltak: Tunneldrift og veglaus utbygging kan redusera konfliktgraden.

Dei fysiske inngrepa i dagen er små, og det største inngrepet er fråføring av vatn. Begge bekkane har innslag av mindre fossefall og stryk som ved høg vassføring set sitt preg på landskapskarakteren lokalt. Størst påverknad er venta for Grøningsbekken 2 med sterkt redusert vassføring 800 meter frå inntaket og ned til møtet med Blåelva. Sidan utbyggingane skjer med sjaktboring og veglaust, vurderer fylkesrådmannen det slik at tiltaka på visse vilkår er innanfor ramma av R4.1. Av omsyn til det eksponerte landskapet ned mot Blåelva vil fylkesrådmannen for Grøningsbekken 2 rå til å auka minstevassføringa til minst det doble i sommarhalvåret. For Bekk Urdabotn vil fylkesrådmannen rå til det same.

I Område for friluftsliv er tiltaks- og influensområdet til begge tiltaka registrert som «svært viktig» regionalt friluftsområde. Om temaet friluftsliv seier småkraftplanen (R6.1):

Ein bør visa varsemnd ved utforming av vasskraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserer opplevingskvalitetane i friluftsområde av stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkja å gjera tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.

Det går ingen merka turstiar gjennom tiltaks- og influensområdet, men både Urdabotn og Grønningen er godt eigna område som innfallsportar til fjellområda bak og over mot Vardafjell og dei merka stiane i Aursdalen lenger nord. Sidan tiltaka vert gjennomførte med vasstunnelar og utan vegbygging, meiner likevel fylkesrådmannen at inngrepa ikkje reduserer opplevingskvalitetane i området vesentleg. Vilkår er auka minstevassføring i Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn slik det er grunngjeve under tema landskap over. Ved å setja slike vilkår vil ein dessutan bøta på potensielle skadar på fossefall og brunaure i Grønningen, ta omsyn til stølsområda i Grønningen og Urdabotn og landskapsmessing redusera den samla belastninga på Blådalsvassdraget, som i dag er stor. For fossefall må det dessutan vurderast å setja opp reirkasser.

Med avbøtande tiltak og naudsynte tilpassingar er prosjekta etter fylkesrådmannen si vurdering i samsvar med Klimaplan for Hordaland sitt mål om å auka produksjonen av fornybar energi med minst mogleg arealkonfliktar, utan tap av naturmangfald, samt strategien om å prioritera lagring av energien. Prosjekta vil då også vera i samsvar med Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland sine retningslinjer for energiproduksjon, miljø og verdiskaping.

